


Håpar å ha huset klart til båtsesongen.

31.03.2017



Slik blir det nye samlingshuset til Uskedal båtlag

Uskedal båtlag skal byggja nytt samlingshus i hamna. Det skal erstatta det store teltet som har vore der dei siste somrane. Huset vert no bygt i seksjonar på verkstaden til Byggmester Stensletten i Bognes. Anja Strüter og Jan Henrik Hansen i bålagsstyret håpar huset skal vera på plass til båtsesongen startar.



Planskisse av bygget.

Det er altså Byggmester Stensletten som skal levert bygget, og dei er alt i full sving med å laga element til det på verkstaden deira i Bognes. Med ein gavl på 8 meter og langsider på over 11 meter er det det største elementbygget som Byggmester Stensletten har bygt i verkstaden til no. Bygget skal transporterast til båthamna og monterast der.


Byggmester Stensletten er klar til å starta arbeidet så fort kommunen har gjeve byggjeløyve. Søknad og nabovarsel er sendt.

Bygget vil verta plassert litt lengre frå nabogrensa enn opprinneleg plan. Etter merknad vert det no bygt 4 meter frå nabogrensa slik regelverket seier. Brødrene Musland har no gjort grunnarbeid til utvidenga av betongplata, og det er no klart til forskaling og støyping.

Bygget veit verta ein fin plass for samlingar både for tilreisande og fastbuande.



Huset vert produsert i element.



Det største elementbygget som er produsert i verkstaden til Byggmester Stensletten.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto frå Byggmester Stensletten.